

Årsmelding 2013

For

Rosendal og Omland Vassverk SA

Rosendal og Omland Vassverk SA(ROV) er eit vassverk. Føremålet er å levera vatn til husbruk og næring i området Løfallstrand – Rosendal – Seimsfoss. Vi er lokalisert i Rosendal i Kvinnherad Kommune.

I styret sit : Knut Johannes Helvik(Leiar), Egil Skeie, Ragnhild Pile, Olger Leganger og Kristen Tore Christensen. Varamenn: Anne Berit Malkenes og Reidun Nerhus. Rekneskapen er førd av Tveit Rekneskap. Revisor er BDO AS, avd. Stord ved revisor Kari Landre Bjerke.

Økonomien i ROV er god. Det vart seld 3 luter i 2013 a kr. 20 000,-.

Arbeidsmiljøet i ROV er godt. Det er ein mann tilsett på deltid og styret er sett saman av ei kvinne og fire menn.

Verksemda har i året hatt eit stort fornyings og utbetningsprogram. Likevel er nokre av oppgåvene overført til 2014, mykje grunna kaldt vær med mykje barfrost i 1.kvartal.

Vi har i året hatt stort fokus på leidningsnett og har m.a. lokalisert ein stor lekkasje på Skåla. Den vart utbetra i januar 2014. Det vil redusera vårt totale vassforbruk monaleg og vonlegvis redusera våre relative kostnader ved vasshandsamingsanlegget i Hattebergdalen.

Vi hadde i haust tilsyn av Mattilsynet. Rapporten etter tilsynet var positiv, men med nokre krav om betring av beredskapen(øvingar) og utvida prøvetaking av vasskvaliteten. Dette er ivareteke gjennom ein avtale med Kvinnherad Kommune. Samarbeidet med Kvinnherad Kommune fungerer godt.


I desember vart det halde to ekstraordinære Årsmøter, der vedtektene vart endra.

Styret vurderer det slik at tilhøva gjev grunnlag for vidare drift av ROV.

ROV driv ikkje aktivitet som forureinar det ytre miljø.

Rosendal 05.03.2014

I Styret for Rosendal Vassverk SA


Knut Johannes Helvik Egil Skeie Ragnhild Pile Olger Leganger Kristen Tore Christensen